



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad etter forureiningslova - utslepp av reinsa tunnelvatn til Hundvikfjorden. Nye Øksnelvane Kraftverk i Bremanger. Høyringsfrist 15. mai 2024


Firdakraft AS søker om utsleppsløyve etter forureiningslova § 11 for midlertidige utslepp i anleggsperioden for Nye Øksnelvane kraftverk, Bremanger kommune. Dette gjeld partikkelutslepp frå tunneldrift, nitrogenutslepp frå uomsett sprengstoff, høg pH ved bruk av sementprodukt og fare for oljeutslepp.

Det omsøkte hovudtiltaket inneber bygging av ny vassveg og nytt inntak i Store Øksendalsvatn samt ny kraftstasjon med total installert effekt på 110 MW.

Kraftstasjonen vil bli plassert om lag 500 m inn i fjell og vassvegen er planlagt utført som rå-sprengt tunell med ca. 2 200 m lengde frå kraftstasjonen og opp til inntaket i Store Øksendalsvatn. Avløpstunellen vil munne direkte ut i sjø i nærleiken av utløpet til eksisterande kraftverk.

Reinseanlegg for reinsing av tunnelvatn blir plassert ved forskjeringa. Etter at vatnet har gått gjennom reinseanlegget vil det bli ført i røyr til sjø. Røyret skal plasserast med avløp innanfor ei siltgardin

Det vert sett som krav at tunnelvatn ut frå sedimenteringsanlegget skal helde grenseverdi på 400 mg suspendert stoff SS pr liter. Reinseprosessen startar i tunellen der vatnet går via slamnisjar, før det vert pumpa over i eit containeranlegg med 2 sedimenteringsbasseng og deretter eit oljeutskiljarbasseng der det vert teke prøvar av det reinsa vatnet. Entreprenøren vil ha utstyr for tilsetjing av kjemikalie for pH-regulering. I kontrakten med entreprenør vert det kravd eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem.



Figur 1 Kartskisse Nye Øksenelvane kraftverk (Kjelde: Norconsult, på oppdrag frå Firdakraft)

Søknad om løyve med risikovurdering og forslag til avbøtande tiltak er vedlagt.

Ber om uttaler innan 15. mai 2024

Me sender søknad om endra løyve etter forureiningslova til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser mm.

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 15. mai 2024. Uttaler kan sendes til sfvlpost@statsforvalteren.no merka 2023/5712.

På Statsforvaltarens heimeside under høyringar ligg søknaden og vedlegga det er referert til i søknaden for nedlasting. <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:

- 1 Nye Øksnelvane kraftverk - utslepp tunnelvatn

Kopi til:

Firdakraft AS

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Sør Norges Ffiskarlag			
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN